

**SAMARBEIDSAVTALE MELLOM
UNGT ENTREPRENØRSKAP SOGN OG
FJORDANE
OG
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

2015 – 2016



1. PARTANE

Partane i denne avtalen er Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane (UESF).

2. FØREMÅL

Føremålet med denne samarbeidsavtalen er å definere felles mål og retning for det vidare arbeidet med entreprenørskap i grunnskule, vidaregåande skule og høgskule i avtaleperioden. Partane si rolle og plikter i avtaleperioden vert også definert.

Avtalen skal ikkje detaljregulere arbeidet, men partane er einige om nokon prioriterte oppgåver for avtaleperioden. Det vert skissert eit årleg rammetilskot, samt krav for at dette skal bli utbetalt.

Avtalen skal støtte opp om eit positivt og konstruktivt samarbeid, med tydelege og føreseielege rammer. Gjennom avtalen ynskjer ein også å sikre tettare dialog og tett kopling mot anna relatert arbeid.

3. VIDAREUTVIKLING AV ARBEID SOM ER SETT I GANG

Arbeidet skal forankrast i regional verdiskapingsplan, og i mål og strategidokument for vidaregåande opplæring. Grunnlaget for arbeidet er Ungt Entreprenørskap sin strategiplan for 2015-2018.

Verdiskapingsplanen slår fast at det er viktig å arbeide vidare med haldningsskapande arbeid for å få fleire til å satse på eiga bedrift, frå barnehage til høgskule. Ungt Entreprenørskap har ei sentral rolle i dette arbeidet.

I løpet av avtaleperioden skal det jobbast vidare med i gangsett arbeid. Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane er ein del av ein landsdekkande organisasjon der visjonen er "UE skal inspirere unge til å tenke nytt og til å skape verdiar". Arbeidet skjer i eit omfattande partnerskap mellom offentlege og private aktørar. UE tilbyr program på tre nivå, ungdomsskule, vidaregåande skule og høgskule.

I løpet av avtaleperioden skal eksisterande satsingar vidareførast, og styrkast. Satsingane skal tilpassast situasjonen og behovet i Sogn og Fjordane, og det skal framleis vere kvalitet i satsingane.

4. HOVUDPRIORITERINGAR I AVTALEPERIODEN

I tillegg til vidareutvikling av eksisterande satsingar skal følgjande område ha eit ekstra fokus i avtaleperioden:

- Alle kommunar skal delta i eitt eller fleire av UE sine program. Alle kommunar skal ha ein plan for entreprenørskapsarbeid i skulen. Innan utgangen av avtaleperiode er målet at minst halvparten av kommunane skal ha ein vedtatt plan.
- Det skal framleis vere brei deltaking frå arbeids- og næringsliv i UE sine aktivitetar.
- UE skal prioritere satsingar og næringar som vert trekt fram som særleg viktige i fylkeskommunen sine strategiar. Satsingsområda i verdiskapingsplanen, kunnskap, fornybar energi, sjømatnæringar, olje og gass og arbeidet med nyskaping og entreprenørskap er sentrale.
- Med vekst i aktivitet er det viktig å framleis sikre kvalitet på arbeidet.
- Handlingsplanen til Ungt Entreprenørskap ligg i botnen for arbeidet. Særleg viktig er bedriftsutviklingsprogramma (elevbedrift, ungdomsbedrift og studentbedrift).
- Kompetanseheving av lærarar/møteplassar
- Legge til rette for samarbeid mellom relevante aktørar/organisasjonar
- Sikre betre samanheng mellom Ungt Entreprenørskap sitt arbeid og arbeidet til kommunane og Innovasjon Norge sitt tiltaksapparat

5. FINANSIERING

Det vert lagt opp til ei rammeløyving frå fylkeskommunen på 900 000 kr. for kvart av åra 2015, og 2016.

Rammeløyvinga skal finansiere eksisterande arbeid som skissert i punkt 3 og vidareutviklinga av dette. Rammeløyvinga skal også dekke prioriterte satsingar jf. punkt 4. Rammeløyvinga skal også dekke evalueringar av arbeidet, som er naudsynte for å sikre vidareutvikle arbeidet.

Det er eit felles mål at den offentlege finansieringa ikkje skal overstige 50 % av totalbudsjettet for kvart år. Medverknad frå private (økonomisk og gjennom arbeidsinnsats) må synleggjerast i budsjett og rapportering.

For at støtta skal kunne bli betalt ut er det krav om at punkta i denne avtalen vert følgt opp.

6. RESULTAT

Ungt Entreprenørskap skal saman med samarbeidspartane arbeide for å synleggjere resultata frå arbeidet. Årsrapporten er grunnlaget for resultatrapporteringa, men det skal også leggjast meir vekt på å presentere gode og konkrete dømer frå arbeidet.

7. RAPPORTERING, DIALOGMØTER OG UTBETALING

Årsrapport, handlingsplan og budsjett

Årsrapport skal leverast innan 15. mars påfølgjande år. Årsrapporten skal seie noko om arbeidet som er gjort innan dei ulike satsingsområda, og særleg korleis hovudprioriteringane i denne avtalen er følgt opp. Særleg utfordringar og moglegheiter innan arbeidsområdet skal omtalast. Resultata skal vurderast opp mot strategiplan, og årlege handlingsplanar.

Vedlagt årsrapporten skal følgje rekneskap som er sett opp i samsvar med tidlegare innsendt budsjett. Det skal også leverast budsjett og oppdatert handlingsplan for gjeldande år.

Utbetaling

Når rapport for tidlegare år er godkjent og handlingsplan for året er sendt inn, kan 75 % av årets løyving betalast ut. Dei siste 25 % vert betalt ut når årsrapport er levert og godkjent.

Det er ein føresetnad for utbetaling at arbeidet er utført i skissert omfang.

Drøftingsmøter

Det skal vere årlege administrative dialogmøter mellom fylkeskommunen og Ungt Entreprenørskap innan 15. april kvart år. Dialogmøta tek utgangspunkt i rapport for det føregåande året. Det skal også vere årlege orienteringar til hovudutval for opplæring og hovudutval for plan og næring. Fylkeskommunen har ansvar for å kalle inn til møter og orienteringar.

8. ENDRINGAR I AVTALEN

Mindre endringar i avtalen kan skje, men skal då godkjennast av begge paratar.

Avtalen sitt innhald kan bli endra som følgje av endringar i regional verdiskapingsplan eller større endringar i rammeføresetningane til fylkeskommunen. Hovuddrammene ligg i utgangspunktet fast.

For fylkeskommunen

For Ungt Entreprenørskap

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Holger Aasen
dagleg leiar